



**Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 57 64 3138  
[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
[www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal](http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal)

## Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO

---

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/19446-0 432.2

Dykker ref.

Dato 31.10.2022

# Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Referat etter møte i Rådgjevande utval 07.10.22

Fredag 7. oktober 2022, Skei hotell, Jølster, kl 13.00 – 15.30

### Desset møtte:

Normund Svoen – grunneigarrepresentant Naustdal  
Anne Marie Mjellem – grunneigarrepresentant Hyen  
Jan Ove Kornberg – grunneigarrepresentant Sørstranda  
Erik Solheim – Naturvernforbundet  
Øyvind Hegrenes – grunneigarrepresentant Angedalen  
Inge Erikstad – grunneigarrepresentant Jølster  
Kjell Arne Hjellbrekke – Indre Sunnfjord turlag  
Marius Dalin – verneområdestyret  
Rune Holen – naturoppsyn  
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

---

### Saker:

#### **1. Opning av møtet**

Marius Dalin opna møtet.

Vi hadde ei kort presentasjonsrunde av møtedeltakarane.

#### **2. Forvaltning og saker i 2022**

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik gjekk gjennom dei sakene som har vore handsama og anna arbeid som forvaltninga har jobba med i 2022. Det vart og synt bilete frå byggearbeid som har fått løyve tidlegare år og som no er ferdig. Sjå vedlegg

Det kom ein del spørsmål og innspel til det som vart gjennomgått. Spørsmåla vart svart ut etter kvart. Innspela er ført opp under sak 5 i referatet.



### **3. Revidering av forvaltningsplan**

AER orienterte om arbeidet med revidering av forvaltningsplanen, status på arbeidet per i dag, prosessen vidare og kva rolle utvalet har i dette arbeidet.

### **4. Gjennomførte tiltak i 2022**

AER orienterte om tildelte tiltaksmidlar, kva tiltak som det er sett av midlar til i år, og status på desse tiltaka. Sjå oversikt i vedlegg.

### **5. Innspel frå utvalet til forvaltning og styre**

- I byggesaker bør det vere eit visst fokus på overflatebehandling. Tradisjonelt sett vart det ikkje (i alle fall ikkje på alle alle) brukta måling eller beis på bygningar i fjell og utmark. Dersom bygningar skal bahandlast med noko bør det vere mest muleg tradisjonelle middel og fargar.
- Ved tilrettelegging av stiar bør ein vurdere fleire metodar. Både med tanke på kva som er eignar seg i ulike typar terreng og for variasjonen sin del. Enkelte stader kan steinheller erstatte trekloppar til dømes.
- Det bør leggast meir ressursar i kartlegging og eventuelt kultivering av fiskeressursane i og rundt verneområdet.
- Det bør ikkje no lenger vere behov for fleire tunge tilretteleggingstiltak i verneområdet.
- Ordninga som Øvre Naustdal Utmarksdraget har for transport til hyttar og stølar, der utmarksdraget disponerer eit visst antal turar med snøskuter kvart år, fungerer godt og bør halde fram.
- Det er eit generelt godt samarbeid mellom grunneigarar, brukarar og den offentlege forvaltninga i verneområdet.
- Enkelte har fått kommentarar på at stiar som er utbetra og tilrettelagde med til dømes kloppar, ikkje er tilpassa rullestolar. Utvalet er samstemte i at det ikkje er realistisk å legga ein stor del av stiane i verneområdet til rette for rullestolar.



- Motorferdsel i samband med tv- og filmproduksjon
  - Det må vere lik behandling av denne typen interesser og andre interesser i verneområdet
  - Det må takast omsyn til villrein
  - Forvaltninga bør vere restriktive med denne typer saker i samband med reklame og liknande.
- Det er særstakt viktig å legge til rette for beite i verneområdet. Kan forvaltninga gje støtte til bruk av NoFence?
- Vi har hatt nokre mindre prosjekt/tiltak som skal løfte fram historie frå verneområdet. Dette er gode og populære tiltak som vi bør ha fleire av.

## **6. Innspel om tiltak i 2023**

- Det er positivt med skjøtsel i kulturlandskapet i og rundt verneområdet.
- Det er viktig å halde fram og helst auke fokus på den trusselen som spreiening av gran utgjer for verneområdet. Det bør fokuserast på både uttak av større plantefelt i verneområdet og rett utanfor grensa. I tillegg må det vere fokus på å ta ut mindre førekomstar og småplantar som har frøa seg sjølv.
- Det må vere særleg fokus på dei granene som sprer frø innover i verneområdet.
- Særleg er det mykje gran i Angedalen som forvaltninga bør sjå på å gjere noko med.
- Det bør brukast meir midlar på skjøtsel og mindre på tilrettelegging, no som dei store tilretteleggingsprosjekta i besøksstrategien er ferdige.



## **7. Ymse**

Møtetidspunkt vart diskutert. Denne gongen vart møtet lagt til dagtid og på ein fredag. Særleg det med dagtid fører til utfordringar for ein del som sit i utvalet på fritida. Det at det er fredag ettermiddag er heller ikkje heilt heldig. (Det er fleire årsaker til at det vart slik i år, vanskeleg å finne eit ideelt tidspunkt).

Det vil alltid vere slik at nokon vil føretrekke møte på dagtid og nokon på kveldstid. Ein har både arbeidstid og gjerne fjøstider å ta omsyn til. Men uansett kan ein gjerne sjekke litt med utvalet på førehand kortid det passar best å ta møtet.

Utvalet er framleis samstemte i at Skei er den mest praktiske staden å ha møte.

Med helsing

Alf Erik Rørvik  
Verneområdeforvaltar og referent

*Dokumentet er elektronisk godkjent*